

Modalen kommune
Postboks 44
5729 MODALEN

skyss 



Saksbehandlar: Eivind Eikenes Dahle

Vår ref.: 2023/39065-1

Dykkar ref.:

Leikanger, 11.04.2023

Orientering om planlagt transporttilbod i ny busskontrakt for Nordfjord, Hardanger-Voss og Modalen-Vaksdal

Bakgrunn

Skyss planlegg utlysning av nye busskontraktar for tre områder. Dei nye kontraktane vil ha oppstart 22. juni 2025. Dette gjeld følgjande kontraktsområder:

1. Nordfjord
2. Hardanger - Voss
3. Modalen - Vaksdal

Det blir ikkje planlagt for større ruteendringar knytt til oppstart av dei tre kontraktane, og blir lagt opp til at det faste rutetilbodet blir vidareført. Driftskontraktane skal gje gode rammer for den kontinuerlege utviklinga av tilbodet, som mellom anna skjer gjennom systematisk arbeid med mobilitetsplanar, årleg ruteendring og budsjettvedtak. Alle tiltak vi omtalar i denne utsendinga, forutset at nødvendig finansiering vert innvilga. Rammer for kontraktane har vore til handsaming i fylkesutvalet (PS 4/2023). Til hausten skal sjølve konkurranseutlysinga handsamast politisk. Det er difor viktig for Skyss å få innspel frå kommunane i forkant av dette. Dette brevet er sendt til alle kommunar som har busslinjer i kontraktsområdet Nordfjord, Hardanger-Voss og Modalen-Vaksdal.

Avgjerd om å lyse ut konkurransen vil etter planen fattast av fylkesutvalet til hausten. Skyss tek sikte på å lyse ut konkurransen mot slutten av 2023.

Skyss ønsker med dette kommunen sine innspel til endringane i rutetilbodet som er planlagt. Sjå vedlagte dokument for informasjon om rammene for planlagt transporttilbod. Endringane er i utgangspunktet planlagt frå oppstart av ny kontrakt.



Det er i arbeidet teke utgangspunkt i dagens rutetilbod, og tidlegare innspel frå kommunane er gjennomgått. I tråd med fylkeskommunen sine overordna mål om reduksjon av klimagassutslepp, blir det planlagt for å elektrifisere det aller vesentlegaste av bussruter, der det er vurdert som mogleg og hensiktsmessig. Det kan bli behov for å justere rutetabell for å leggje til rette for lading.

Frist for å gje innspel er 9. mai 2023.

Vidare prosess

Innspel frå kommunane vil bli handsama av Skyss. Vår tilråding vil deretter bli lagt fram til politisk behandling i fylket, saman med skildring av kva prosess en har hatt med kommunane, og dei viktigaste innspela.

Med vennleg helsing,

Målfrid Vik Sønstabø
direktør

Eivind Eikenes Dahle
rådgjevar transportilbod

Brevet er elektronisk godkjent og har difor inga handskriven underskrift

Vedlegg

- 1 Vedlegg orientering om planlagt transportilbod for Nordfjord, Hardanger-Voss og Modalen-Vaksdal

Brevet er sendt til:

Stryn kommune	Tonningsgata 4	6783	STRYN
Stad kommune	Rådhusvegen 11	6770	NORDFJORDEID
Kinn kommune	Postboks 294	6701	MÅLØY
Eidfjord kommune	Simadalsvegen 1	5783	EIDFJORD
Etne kommune	Sjoarvegen 2	5590	ETNE
Kvam kommune	Grovagjelet 16	5600	NORHEIMSUND
Kvinnherad kommune	Rosendalsvegen 10	5470	ROSENDAL
Tysnes kommune	Rådhuset	5685	UGGDAL
Ullensvang kommune	Opheimsgata 31	5750	ODDA
Voss herad	Postboks 145	5701	VOSS
Ulvik kommune	Skeiesvegen 3	5730	ULVIK
Samnanger kommune	Tyssevegen 217	5650	TYSSE
Bjørnafjorden kommune	Postboks 24	5649	EIKELANDSOSEN
Vaksdal kommune	Konsul Jepsensgate 16	5722	DALEKVAM
Modalen kommune	Postboks 44	5729	MODALEN